

# Detaljregulering for Pelagia Moldefjorden

**Oppdragsgivar**  
**Oppdrag**  
**Rapport type**  
**Prosjektnr.**  
**Dato**

Pelagia AS  
Detaljregulering  
Planinitiativ – detaljregulering for Pelagia Moldefjorden  
19139  
14.06.2019, oppdatert etter oppstartsmøtet 06.11.2019

Planinitiativ



# Innhald

1	OPPLYSNINGAR TIL KOMMUNEN .....	3
2	FØREMÅLET MED PLANARBEIDET .....	4
3	PLANOMRÅDET OG AKTUELLE VERKNADER UTANFOR PLANOMRÅDET .....	4
3.1.	Eksisterande situasjon .....	5
3.2.	Planlagd utbygging, anlegg og tiltak .....	5
3.3.	Aktuelle reguleringsformål.....	6
3.4.	Funksjonell og miljømessig kvalitet .....	6
3.5.	Verknad på, og tilpassing til landskap og omgjevnader .....	6
3.6.	Forhold til gjeldande planverk.....	7
3.7.	Vesentlege interesser som vert påverka .....	8
3.8.	Samfunnssikkerheit .....	8
3.8.1.	Kartlegging av moglege hendingar/potensielle farar .....	8
3.8.2.	Førebels ROS-skjema.....	8
3.8.3.	Rapportar som ligg føre .....	13
4	MEDVERKNAD.....	13
4.1.	Varslingspartar .....	13
5	VURDERING ETTER FORSKRIFT OM KONSEKVENsutredninger .....	14

# 1 Opplysningar til kommunen

 <p>Prosjektnr: <b>19139</b></p>	Oppstartsdato: <b>Juni 2019</b> Revidert: 18.09.2019 - etter oppstartsmøte
Kontaktinformasjon: Nordplan AS Pb 224 6771 Nordfjordeid Tlf: 57 88 55 00 <a href="http://www.nordplan.no">www.nordplan.no</a>	Kundeinformasjon: Pelagia AS v/Asbjørn Bøstrand
Prosjektleder: May-Britt Drage Bakke	
Medarbeidarar: Øyvind Sødal	Sign:

Opplysningar som vert fylt inn i oppstartsmøtet:


Plan ID / saksnr.	1441201904
Sakshandsamar	Hanne Marie Utvær og Asbjørn Tverrberg
Ressurspersonar	-
Varslingsavis	Fjordenes Tidende
Bestille varslingsadresser	Bestilt under oppstartsmøtet
Bestille kartgrunnlag	Bestilt, e-post til Tverrberg 18.09.2019. Motteke.
Bestille ev. plangrunnlag	Bestilt, e-post til Tverrberg 18.09.2019. Motteke.
Kraftselskap	-
Namn på brannsjef	Geir Petter Hatlenes

## 2 Føremålet med planarbeidet

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for fylling i sjø for å etablere djupvasskai og lagerplass på land. Vidare er det behov for utbetring av tilkomstveg, samt opne for utviding av eksisterande bygningsmasse.


## 3 Planområdet og aktuelle verknader utanfor planområdet

### Lokalisering



Planområdet ligg om lag 2,5 km søraust for Selje sentrum i luftlinje, og er markert med raud sirkel i kartet (Fylkesatlas).

### Framlegg til plangrense



Figur 1 Kart som syner lokalisering og avgrensing av planframlegget (markert med svart linje). Kart henta frå Fylkesatlas.

Illustrasjonen syner framlegg til planavgrensing for ønska tiltak. Området er på om lag 115 daa.

Avkøyrse aust i planområdet, som i dag er tilkomstveg for gbnr. 70/30 og 70/9, er teke med i planområdet. Oppdragsgjevar ønskjer i planprosessen å sjå om det er mogleg å opne for ein felles avkøyrse for nemnte eigedomar og Pelagia, då eksisterande tilkomst til næringsområdet har bratt stigning.

Planområdet vil med dette omfatte gbnr. delar av 70/28 (fylkesveg) og 70/2 og 70/28, samt 70/17-18 og 70/26. I tillegg vil delar av sjøarealet vere del om planen.

### 3.1. Eksisterande situasjon


Det er i dag aktivitet på området i form av mottak og filetering av pelagiske fiskeslag, hovudsakleg makrell, som rundfrysast for eksport. Det blir òg sendt fersk fisk, som til dømes til Stabburet sin fabrikk i Kugnshavn der Pelagia AS er tilnærma eineleverandør. For meir informasjon om drifta sjå heimesida: <https://pelagia.com/facilities/pelagia-selje/>

Frakt til og frå området skjer både via land- og sjøveg.

Eksisterande bygningsmasse er 8200 m<sup>2</sup>, og byggehøgde er frå 8 til 10 meter. Delar av bygget har 2 etasjar (om lag 1500 m<sup>2</sup>).

Tilgrensande areal til Pelagia sitt noverande næringsareal består i dag ei vik i aust, samt sjøareal og landbruksareal i vest.

### 3.2. Planlagd utbygging, anlegg og tiltak




Illustrasjon henta frå SGC GeoFare AS sin skredfarevurdering frå 2016 og viser planlagd fylling i sjø (figur 1). I tillegg er alternativ avkøyrse markert med raud sirkel.

Oppdragsgjevar ønskjer å legge til rette for fylling i sjø for å etablere djupvasskai, samt opne for utviding av eksisterande bygningsmassar. Det er konkrete planar for nytt/utviding av fryselager mot aust av tilsvarande storleik som eksisterande bygg; om lag 90 x 45 x 8-10 meter lengde/breidde/høgde. Vidare er området tenkt nytta til lagring/oppstillingsplass for thermocontainer som skal bli skipa på båt. Mindre utvidingar av lokalar for produksjon er òg aktuelt innanfor planområdet.



### 3.3. Aktuelle reguleringsformål

For landareal er aktuelle formål næring, kai- og fyllingsfront, samt vegtilkomst. I tillegg skal ferdselsområde i sjø vise på plankartet. Det er ikkje planlagt nye tiltak vest for industriområdet. Her vil planen vise eksisterande bruk av areal, som illustrert på skissa under: naust, landbruksareal, samt bruk og vern av sjø og vassdrag (vist med lyseblå arealfarge).



Grenser for arealbruk som framgår av skissa ovanfor er ikkje på dette tidspunkt endeleg avklart og det kan bli behov for endringar. Vegareal i aust (vist med grå farge), der ein skal vurdere moglegheit for ny tilkomst, vil utgå frå planområdet viss ein vel å løyse tilkomsten innanfor næringsarealet (lilla farge). Endeleg plan vil ha eit større detaljnivå, der mellom anna kaifront og tilkomstveg vil vise med egne formål.

### 3.4. Funksjonell og miljømessig kvalitet

Planen vil vise omsyn til funksjonelle løysingar, samt miljø. Det er på dette tidspunkt i planprosessen ikkje avklara kva planfaglege grep som vil vere aktuelle, men vi vise til kap. 1.8 der det framgår at forslagsstillar ønskjer ved å etablere djupvasskai, å legge til rette for å flytte hovudvekta av transporten til og frå området via sjøvegen.

### 3.5. Verknad på, og tilpassing til landskap og omgjevnader

Tiltaket vart vurdert opp mot Naturmangfaldlova § 9 Føre-var-prinsippet i tilleggsutgreiinga for kommuneplanen sin arealdel (KPA). Oversikta i tabellen under viser at det er ingen prioriterte artar eller verdifullt kulturlandskap som blir råka av tiltak i det aktuelle området.

Naturmangfold	Fiskevegn	Pelagia	Hamreosen	Berstad	Leikanger	Hatlenes	Kjøde
Elveos/-delta	Nei	Nei	Ja	Nei	Nei	Nei	Nei
Verneområde, ev nærområde	Nei	Nei	Nei	Nei	Nei	Nei	Nei
Utvalde naturtypar	Nei	Sterk tidevass straum	Sterk tidevasstraum Strandeng, Strandsump Ålesgraseng	Sterk tidevass straum	Nei	Nei	Nei
Prioriterte artar	Nei	Nei	Ål, sjøaure	Nei	Nei	Nei	Nei
Truga, nær truga el verdifulle	Nei	Nei	Ål, sjøaure, Sivspurv	Nei	Nei	Nei	Nei
Inngrepsfrie naturområde	Nei	Nei	Nei	Nei	Nei	Nei	Nei
Verdifulle/utvalde kulturlandskap	Nei	Nei	Nei	Nei	Nei	Nei	Nei
Livsmiljø/ oppvekstmiljø/ habitat	Nei	Nei	Gyteområde aure, torsk, beiteområde vadefugl	Nei	Nei	Nei	Nei

Tabell som viser kor mykje naturmangfold som blir råka som følgje av utfylling og bruk av tunnelmassar (henta frå «KU tilleggsutgreiing arealdelen, Selje kommune»). Verknad for planområdet framgår av kolonne for «Pelagia».

Planlagde tiltak vil gje verknad på landskapet slik det er i dag, då det vil medføre utfylling av to vikar som i dag ligg delvis urørte – vest og aust for Pelagia sitt eksisterande næringsområde. Landskapsverknad vil bli omtalt i planen.

### 3.6. Forhold til gjeldande planverk

Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen

Planområdet ligg i 100-metersbeltet, men er avklara i kommuneplanen sin arealdel som framtidig byggeområde. Sjå avsnittet på neste side.

Kommuneplanen sin arealdel (KPA 2017-2029)



Planområdet er i hovudsak vist som eksisterande og framtidig næringsareal i KPA (BN3, sjå kartutsnittet til venstre).

Ein mindre del av arealet i aust omfattar LNFR-formål. Det er ikkje på dette tidspunkt avklart om tiltak aust for BN3 er aktuelt, men som nemnt ovanfor vil dette arealet bli inkludert i planområdet for vurdering av ny vegtilkomst.

Planområdet er òg i nærleiken av omsynssone H730, bandlegging etter lov om kulturminne. Området er òg innanfor bandleggingszone H710\_2; bandlagt område for regulering av skipstunnel og djupvassdeponi (jf. KPA, føresegn 7.4.1).

Sjå kap. 1.9.2 for omtale av arkeologiske funn.

## Reguleringsplan

Det føreligg ein reguleringsplan frå 1977. Reguleringsplanen Del av Moldestad (planID 1441197702) er vidareført i KPA og utviding av areal til industri er teke inn i KPA 1441201701. Det er ved varsel om oppstart av detaljregulering for Pelagia Moldefjorden varsla at gjeldande reguleringsplan blir oppheva.

### 3.7. Vesentlege interesser som vert påverka

Dei planlagde endringane vil primært ha verknad innanfor planområdet, samt tilgrensande busetnad. Ved lossing/lasting vil det vere støy frå kaiområdet. Det vil vidare vere støy knytt til anleggsperioden. Fyllingsmateriale vil bli transportert via sjøvegen, og ikkje gå via vegnettet.

Ved etablering av djupvasskai ønskjer oppdragsgevar å flytte ein større del av transporten til/frå Pelagia frå vegnettet til sjøvegen. Dette vil føre til mindre tungtrafikk på eit vegnett som i stor grad er prega av dårleg vegstandard, som vidare vil ha positiv verknad for busetnad og ferdsel langs fylkesvegen.

Fylkesveg 618 har i dag ein årleg døgntrafikk (ÅDT) på 450 køyretøy. 10 % av dette er ÅDT for lange køyretøy (jf. vegkart frå Statens Vegvesen)

### 3.8. Samfunnssikkerheit

#### 3.8.1. Kartlegging av moglege hendingar/potensielle farar

Førebels kartlegging av potensiell fare er vurdert gjennom analyseskjemaet på neste side, og vil vere utgangspunkt for diskusjon i oppstartsmøtet. Der det føreligg reell farevurdering framgår av kolonne for *kommentar* i skjemaet.

Alle punkt i sjekklista vil bli vurdert i endeleg planframlegg: Risiko = Sannsyn x Konsekvens. Tenkjelege hendingar, risikovurdering og moglege tiltak vil bli samanfatta i ein risikomatrise. Det blir vidare laga ei oppsummering som viser identifiserte tiltak, samt korleis desse er sikra gjennom plandokumenta.

Sjekklista sine punkt skal omfatte både hendingar som er aktuelle i no- situasjon og som er konsekvensar av å gjennomføre planen. Sjekklista blir i denne fasen brukt som ei siling, for å identifisere tema som vil få særskilt fokus i det vidare planarbeidet. Vurdering av sannsyn og konsekvens er ikkje gjort på dette tidspunkt i planprosessen.

#### 3.8.2. Førebels ROS-skjema

ANALYSE						
Uønska hending	Aktuelt?				Kommentar/ Tiltak	Kjelde
<b>Sjekkliste:</b>						
<b>Natur- og miljøforhold</b>						
<b>Ras/skred/flom/brann</b>						
1. Steinsprang	Nei				Det er ikkje observert definerte potensielle utløysingspunkt, jf. SGC GeoFare-rapport. Det er	Flaum- og skredfarevurdering ved utbygging av



ANALYSE							
Uønska hending	Aktuelt?					Kommentar/ Tiltak	Kjelde
						konkludert at utbyggingsområdet ligg utanfor utløpsdistansen for skred med eit nominelt årleg sannsyn på 1/100, 1/1000 og 1/5000.	industrianlegget til Pelagia AS ved Moldefjorden i Selje kommune. Rapport utarbeidd av SGC GeoFare AS, datert 25.08.2016.
2. Masseutgl/ leirskred/flaum- skred/kvikkleire	Nei					Planområdet ligg utanfor utløpsdistansen for flaum og flaum- og lausmasseskred med eit nominelt årleg sannsyn på 1/100, 1/1000 og 1/5000.	Rapport utarbeidd av SGC GeoFare AS, datert 25.08.2016.
3. Snøskred	Nei					Planområdet ligg utanfor utløpsdistansen til snøskred med eit nominelt årleg sannsyn på 1/100, 1/1000 og 1/5000. Det er ikkje registrert snøskred i området tidlegare, jf. SGC GeoFare-rapport.	Rapport utarbeidd av SGC GeoFare AS, datert 25.08.2016.
4. Dambrot	Nei					Ikkje aktuell problemstilling for planområdet.	
5. Elveflaum/ tidevassflaum/ stormflo	Ja					Tiltaket ligg ved fjorden og det må takast omsyn til stormflo ved fastsetting av kotehøgde på fylling.	
6. Overflatevatn/ klimaendr. Nedbørutsett	Ja					Relevant. Må omtalast i det vidare planarbeidet. Sjå kommentar om sikringstiltak for drenering (kapittel etter ROS-skjemaet). Kommunen må gje tilbakemelding på minstekrav til bølgehøgde ved vurdering av havnivåendring.	
7. Skogbrann (større/farlig)	Nei					Ikkje relevant	
8. Brann/sløkkevatn /tilkomst for brannbil	Ja					Relevant. Må i planprosessen konsultere brannsjefen	Selje kommune
<b>Vær, vindeksponering</b>							
9. Vindutsette område (Ekstremvær, storm og orkan)	Ja					Ekstremvær som sterk vind og orkan kan førekomme.	

ANALYSE						
Uønska hending	Aktuelt?				Kommentar/ Tiltak	Kjelde
<b>Natur- og kulturområder</b>	<a href="http://www.miljostatus.no/kart/">http://www.miljostatus.no/kart/</a>					
10. Sårbar flora	-				Det er ikkje kjennskap til sårbar flora i planområdet, men ligg i omsynssone H530 i KPA (bevaring naturmiljø).	Miljøstatus Norge Sjå kap. 1.6 som omtalar «Tilleggsutgreiinga for kommuneplanen sin arealdel (KPA)».
11. Forholdet til naturmangfaldlova	-				Skal alltid utgreiast I tråd med føremålet til naturmangfaldlova vil ein i planforslaget legge til grunn ein berekraftig bruk og vern av naturen.	Sjå kap. 1.6 som omtalar «Tilleggsutgreiinga for kommuneplanen sin arealdel (KPA)».
12. Sårbar fauna /fisk, verneområde og vassdragsområde	-				Det er ikkje kjennskap til sårbar fauna/fisk (marin biologisk mangfald) i området.  Det er ikkje verna vassdrag i eller i nærleiken av planområdet.	Miljøstatus Norge Kartløyising til Fiskeridirektoratet: <a href="https://kart.fiskeridir.no/">https://kart.fiskeridir.no/</a>
13. Fornminne (Automatisk freda)	Ja				Det ligg inne registreringar av arkeologisk minne (gravrøys) nordaust på eksisterande industriområde for Pelagia. Vernestatus er automatisk freda. Det er vidare kjennskap til at Fylkeskommunen fremja motsegn under planprosessen i 1994.	Fylkesatlas Motsegn frå Fylkeskommunen i samband med planarbeid i 1994 (sett utskrift av motsegn).
14. Kulturminne/-miljø	Nei				Det har tidlegare blitt utført undersøkingar på havbotnen i delar eller heile utfyllingsområdet (naudsynt å sjå planavgrensing til plan for 1994), og det vart ikkje gjort arkeologiske funn eller funn av viktige kulturminner.	Uttale frå Bergen Sjøfartsmuseum i samband med planarbeid i 1994 (sett utskrift av merknad).
15. Grunnvass-stand	Nei				Ikkje kjennskap til på noverande tidspunkt.	
<b>Menneskeskapte forhold</b>						
<b>Risikofylt industri mm.</b>						

ANALYSE						
Uønska hending	Aktuelt?				Kommentar/ Tiltak	Kjelde
16. Kjemikalie/ petroleum/ eksplosiv (kjemikalieutslep p på land og sjø)	Nei				Pelagia har prosedyre for handtering av farleg avfall og reingjeringsmiddel.	Pelagia AS
17. Avfall (ulovleg plassering/ deponering/ spredning farlig avfall)	Nei				Pelagia har prosedyre for handtering av farleg avfall og reingjeringsmiddel.	Pelagia AS
<b>Strategiske område</b>						
18. Brot i transportnett, veg, bru, knutepunkt	Nei				Ikkje relevant	
19. Forsyning kraft/ elektrisitet (Samanbrot i kraftforsyning)	Nei				Ikkje relevant	
20. Svikt i fjernvarme	Nei				Ikkje relevant	
21. Vassforsyning (Svikt/ureining av drikkevassf.)	Nei				Ikkje relevant	
22. Avlaup-systemet (Svikt eller brot)	Nei				Ikkje relevant-	
23. Terror/sabotasje/ skadeverk. Vold/ran og gisselsituasjon (eller trugsmål om)	Nei				Ikkje relevant	
24. Tele/ Kommunikasjons samband (samanbrot)	Nei				Ikkje relevant	
25. Brann (med større konsekvensar)	Nei				Ikkje relevant	
26. Samanrasing av bygning/ konstruksjonar	Nei				Ikkje relevant	
<b>Andre ureiningskjelder</b>						
27. Bustadureining	Nei				Ikkje relevant	
28. Landbruksureinin g	Nei				Ikkje relevant	
29. Akutt ureining	Nei				Ikkje relevant	
30. Støv og støy; industri	Ja				Relevant. Må omtalast i planen.	

ANALYSE							
Uønska hending	Aktuelt?					Kommentar/ Tiltak	Kjelde
31. Støv og støy; trafikk	Ja					Relevant. Må omtalast i planen.	
32. Støy; andre kjelder	Nei					Ikkje relevant	
33. Ureining i sjø/vassdrag	Ja					Relevant. Må omtalast i planen.	
34. Ureining i grunn	Nei					Ikkje relevant	
35. Radongass	Nei					Moderat til låg aktsomheitsgrad.	<a href="http://geo.ngu.no/kart/radon/">http://geo.ngu.no/kart/radon/</a>
36. Høgspenline	Nei					Ikkje relevant	
<b>Trafikktryggleik</b>							
37. Ulykke med farlig goods	Nei					Ikkje relevant.	
38. Ulykke ved inn,- og utkøyning.	Ja					Relevant. Løysing for avkøyrseil til fylkesvegen vil bli vurdert i planen.	
39. Ulykke med gåande/syklende	Ja					Relevant. Verknad for gåande og syklande vil bli omtalt i planen.	
40. Vær/føre avgrensar tilkomst til området	Nei					Ikkje relevant	

### Sikringstiltak

I skredfarevurderinga til SGC GeoFare AS (rapport datert 25.08.2016) blir det konkludert med at det ikkje er fare for flaum, flaum- og lausmasseskred, steinsprang, snøskred og sørpeskred ved utbyggingsområdet til Pelagia AS. Det blir vidare i rapporten tilrådd at det likevel blir etablert eit velutvikla dreneringsystem i massedeponiet som skal fylle vikene, slik at overflatevatn raskt vil bli drenert vekk frå dei nye bygga som skal oppførast. Dette er ei tilråding som bør følgast opp i det vidare planarbeidet.

Det framkjem òg av ROS-skjemaet, punkt 13, at det har i planprosessen for området på 90-talet blitt fremja motsegn frå Fylkeskommunen grunna automatisk verne arkeologiske minner innanfor planområdet. Registrerte lokalitetar framgår av kartutsnittet på neste side. Det er i alt ein lokalitet som ligg innanfor føreslått planavgrensing og oppdragsgjevar nyttar dette området i dag til næringsaktivitet. Den innteikna gravrøysa innanfor området som i dag er i bruk, vart greve ut av Bergen museum i 1985/86 og skal ifølgje forslagsstillar vere frigjeve. Dei to andre vil vere i god avstand frå eit eventuelt utbyggingsområde.



Kartutsnitt henta frå Fylkesatlas som vise lokalitetar for arkeologiske minner (markert med gul sirkel og «R»).

Vidare er det kommentert i punkt 30 og 31 at støy og støv må omtalast i planen. Fyllingsmaterialet er planlagt transportert via sjøvegen. Grunna nærleik til busetnad, vil det i planprosessen vere behov for vurdering av støy for 1) anleggsfase og 2) driftsfase med lastning/lossing/transport og dieselgenerator drift for båtar som ligg til kai.

### 3.8.3. Rapportar som ligg føre

Flaum- og skredfarevurdering ved utbygging av industrianlegget til Pelagia AS ved Moldefjorden i Selje kommune. Rapport utarbeidd av SGC GeoFare AS, datert 25.08.2016.

Marinbiologisk undersøkelse av miljøforhold i Moldefjorden, Selje kommune. Rapport utarbeidd av Institutt for fiskeri- og marinbiologi, datert 18.10.2002.

## 4 Medverknad

Ein legg ikkje opp til særskilte tiltak for medverknad ut over ordinær varsling og planprosess.

### 4.1. Varslingspartar

Offentlege høyringspartar:

Fylkesmannen i Vestland	fmlpost@fylkesmannen.no
Sogn og fjordane fylkeskommune	Postmottak.sentraladm@sfj.no
Fiskeridirektoratet region Vest	postmottak@fiskeridir.no
Kystverket	post@kystverket.no
Sogn og Fjordane Fiskarlag	sognfjordane@fiskarlaget.no / henriette@fiskarlaget.no
Statens Vegvesen Region Vest	Firmapost-vest@vegvesen.no
NVE, Region Vest Naustdalsvn 1B, 6801 Førde	rv@nve.no



Sogn og Fjordane Energi, SFE Bukta, 3823 Sandane	post@sfe.no
Telenor servicesenter for nettutbygging Postb. 7150, 5020 Bergen	sfn@telenor.com

Private høyringspartar:

Monica Villard Austring
Bjørn Villard
May-Britt Karlsen
Kenneth Inge Moldestad
Esther May Moldestad Suhr
Arne Vik
Bente Lisbeth Vik
Moldestad Krins ved Magnar Hatlenes
Elisabeth Johansen
Kenneth Seljen
Marit Lillian Moldestad
Pelagia AS, avd. Bergen

*Ut over dette legg vi til grunn at kommunen internt varslar sine utvalsrepresentantar i den grad dei finn det relevant. (Som t.d. barnerepresentant, eldreråd, råd for likestilling av funksjonshemma, ungdomsråd etc.).*

## 5 Vurdering etter Forskrift om konsekvensutredninger

Forslagsstillar har ansvaret for å utføre ei vurdering etter konsekvensutgreiingsforskrifta § 3. Dette inneber ei vurdering av om planen kan få vesentlege verknadar for miljø og samfunn. Enten planen får vesentlege verknadar eller ikkje, skal dette bli grunngjeve og gå fram av varsel om oppstart av planarbeidet.

**Vurdering etter forskrifta § 6**, «Planer og tiltak som alltid skal konsekvensutredes og ha planprogram eller melding».

Reguleringsplanen tar sikte på å etablere nytt bygg som vil ha om lag tilsvarende storleik som eksisterande bygningsmasse; ca. 8200 m<sup>2</sup> (jf. kap. 1.4). Framtidig og eksisterande industribygg vil med dette få ein total storleik på om lag 16 400 m<sup>2</sup>.

Planinitiativet syner eit maksimumsromfang av en framtidig utbygging, og må bli vurdert i samanheng med infrastruktur som allereie er etablert i området. Vedlegget sitt punkt 30 er difor det einaste punktet som er aktuelt. Reguleringsplanen vil i hovudtrekk vere innanfor dei rammene som er gjeve i overordna plan. Det er lagt til grunn at det blir gjort mindre endringar frå overordna plan i reguleringsplanen, utan at planen må handsamast etter forskrifta.

**Konklusjon:** Det ønskja tiltaket blir ikkje omfatta av vedlegg I, nr. 30, og det er ikkje utløyst krav om KU etter § 6.

**Vurdering etter forskrifta § 7, «Planer og tiltak etter andre lover som alltid skal konsekvensutredes, men ikke ha melding».**

**Konklusjon:** Tiltaket omfattar ikkje tiltak som må handsamast etter anna lovverk enn PBL og som er omfatta av forskrifta.

**Vurdering etter forskrifta § 8, «Planar og tiltak som skal konsekvensutgreiast hvis de kan få vesentlige virkninger for miljø eller samfunn».**

Paragrafen omfattar planar som skal konsekvensutgreiast om den kan gje vesentlege verknader etter § 10, men ikkje ha planprogram. Jf. § 8, bokstav a, skal detaljregulering som omfattar tiltak nemnt i vedlegg II, og får vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn, bli konsekvensutgreidd. Vedlegg II inneheld ei rekke ulike tiltak, deriblant næringsbygg.

**Konklusjon:** Det ønskja tiltaket omfattast av vedlegg II, punkt 11. bokstav j (næringsbygg mv.), og må derfor bli vurdert etter § 10.

**Vurdering av forskrifta § 10: «Kriterier for vurderingen av om en plan eller et tiltak kan få vesentlige virkninger for miljø eller samfunn».**

**Andre ledd:** «Egenskapar ved planen eller tiltaket omfattar», bokstav a), størrelse, planområde og utforming»

Planområdet er avgrensa og har eit samla areal på 66,5 daa. Tiltaket inneber etablering av nytt landareal som skal bli nytta til industri/lagerføremål med kaifront ca. 10 meter djup. Planområdet bygg vidare på eit allereie etablert industri/lagerområde for sjøbasert næringsverksemd. Eigenskapane ved tiltaka i planen vil i stor grad vera like, samt i same kategori som allereie eksisterande verksemd og arealbruk. Tiltaka vil med dette harmonere godt med omgjevnadane, både bruksmessig, visuelt og kulturelt. Området har viktige kvalitetar for utbyggjar med tanke på samlokalisering/effektiv drift. Det ikkje aktuelt å sjå på alternative lokalitetar for Pelagia AS.

**Tredje ledd:** «Lokalisering og påvirkning på omgivelsene omfatter en vurdering av om planen eller tiltaket kan medføre eller komme i konflikt med», bokstav a), «verneområder etter naturmangfoldloven kapittel V eller markaloven § 11, utvalgte naturtyper (naturmangfoldloven kapittel VI), prioriterte arter, vernede vassdrag, nasjonale laksefjorder og laksevassdrag, objekter, områder og kulturmiljø fredet etter kulturminneloven». Eller bokstav b): «Truede arter eller naturtyper, verdifulle landskap, verdifulle kulturminner og kulturmiljøer, nasjonalt eller regionalt viktige mineralressurser, områder med stor betydning for samisk utmarksnæring eller reindrift og områder som er særlig viktige for friluftsliv».

Potensial for arealkonflikt begrunna med krossande interesse etter tredje ledd er vurdert som låg.

**Fjerde ledd:** Etter fjerde ledd blir tiltaket sin verknad vurdert: «...ses hen til virkningenes intensitet og kompleksitet, sannsynlighet for at virkningene inntreffer og når de inntreffer,

varighet, hyppighet og mulighet for å reversere eller begrense dem, .... , samt samlede virkninger av forslaget til plan eller tiltak

Planinitiativet omfattar utviding av eksisterande aktivitet i det aktuelle planområdet. Vidare er ønska tiltak i stor grad i samsvar med kommuneplanen sin arealdel, kor det i overordna konsekvensutgreiing er synt til låge konfliktpotensial. Tiltaket vil medfører ein periode med anleggsdrift som følgje av planlagt utfylling i sjø. Avbøtande tiltak på miljøområdet må bli vidd tilstrekkeleg omsyn og verknadane vil da vere handterbar og av mellombels karakter.

**Samla vurdering om tiltaket krev konsekvensutgreiing etter forskrifta sitt kapittel 3:**

Tiltaket vil etter forslagsstillars vurdering etter forskriftas § 10 ikkje gje vesentlege verknader for miljø eller samfunn. Planarbeidet er på bakgrunn av vurderinga ikkje konsekvensutgreiingspliktig.

Forslagsstillar vurderer det som ikkje naudsynt å krevje konsekvensutgreiing for denne planen, men at det blir utført eventuelle naudsynte tilleggsvurderingar i samband med planprosessen.

Under oppstartsmøtet vart det ikkje krevd KU av kommunen.